



IT-FORNEBU: - I dette prosjektet kryssar dei kvarandre, dei fleste spørsmål vi kan stille om makt i Norge i dag, skriver dagens kronikkforfatter. Tegnning: Avleplan AS

Framfor ei ny maktutgreiing

DEi enkle formene for makt - den fysiske, økonomiske og politiske makta - er velkjende og i stor grad lagt inn under samfunnets kontroll. Men korleis kan veljarane kontrollere kontrollørane? I den nye maktutgreinga skal det kastast lys over individets høve til å påverke sin eigen livssituasjon og korleis folkestyret verkar i ei verd full av nye utfordringar. Men ikkje alle utfordringar er nye, og sambanda mellom eigen situasjon, representativt demokrati og makt er kompliserte.

Vi veit alle at den som eig mykje har mykje makt både over sitt eige og andre sine liv, også der eige- domen ikkje blir freista omsett på ein marknad. Om spelereglane for samfunnet vert følgt, er rikdom ei så godt som usynleg makt i dagens Norge. Det er kanskje ikkje tilfeldig at dersom vi i 1998 vil studere denne typen økonomisk makt, vil vi ikkje kunne gi maktrelevante svar på det enkle spørsmålet: Kven eig grunnen i Norge? Til dømes, kva er gjennomsnittsinntekta til hytteeigarane langs Oslofjorden? Sjelvsagt kan vi heller ikkje gi svar på det langt meir kompliserte spørsmålet om kven som eig ressursane i landet. Berre sidan førte utgreiing på 1970-talet har det dukka opp nye eigarrettar som t.d. fisk- og mjølkekvotar og oppdrettskonsesjonar. Gamle verdifulle resursar som beiterettar er i ferd med å misse verdien sin, og ein statleg kommisjon har gjort framlegg om å endre eigarkontrollen over meir enn 90 prosent av Finnmark fylke.

«Framveksten av det moderne miljøbyråkratiet og ideologien det er fundert på, viser ut over den organiserte politiske makta på ein svært spanande måte»

Eit anna døme er kampen mellom sauebønder og rovdyrforvaltarar. Den kunne gi eit interessant inntak til ein studie av statens maktbruk. I 1863 vedtok Stortinget ei lov om utrydding av rovdyr. I 1973 vedtok det

Kronikk / Onsdag 1. april 1998



Det er nettopp gitt loyvingar og oppnemnd forskarar og referansegruppe til ei ny maktutgreiing her i landet. Men rett etter nasen er det ikkje å beskrive makta i Norge i dag. Vanskeleg er det kan hende og å bli samd om kva som er viktigast når ein skal seie noko om makt. Gjennom illustrerande døme viser kronikkforfatteren, **ERLING BERGE**, til nokre spørsmål som er nærliggjande å stille seg framfor arbeidet med den nye maktutgreinga. Erling Berge er professor ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU.

ei total freding. Kven eller kva fekk det norske folk til å skifte meining? Framveksten av det moderne miljøbyråkratiet og ideologien det er fundert på, viser ut over den organiserte politiske makta på ein svært spanande måte. Det får oss til å spørre etter tankemønster. Kvar kjem del frå, tankane om samanhengane i naturen, og om menneska sitt tilhøve til naturen?

Eit tredje døme er IT-Fornebu. I prosjektet «IT-park Fornebu» kryssar dei kvarandre, dei fleste spørsmål vi kan stille om makt i Norge i dag. La oss begynne med det enkle om dei økonomiske verdiane som ligg i grunnen, tomteverdien. Næringsministeren vil selje til marknadspis. Men kvar kjem den frå, den marknaden han talar om? Kor mange norske aktørar kan bli opp nokre hundre millionar for statens del av området? Ikkje mange. Skal internasjonal kapital inviterast til å gi bod? Frisen ein gitt aktør er villig til å betale vil jo for ein stor del vere avhengig av kva slag aktivitet som kan setjast i gang etterpå. Skal det seljast med uinnskrenka løyve til å drive næringsverksemd, eller byggje bustader? Skal det vere lov å dele opp for vidare sal?

Til meir det er lov å gjere med området etterpå, til meir verdifullt vil det vere. Men dersom det er usikkert kor mykje som kan gjerast med området etterpå, vil «marknadspis» verte rekna ut frå kva seljar meiner er rimeleg, og vert neppe motsagt av den vesle gruppa interessantar som kan speleje på arealbruksendringar. Seljars «marknadspis» vil som eit minimum bli til kjøpar rikdom, og med den skalaen som prosjektet har, vil kjøpar med litt flaks også få makt over ein viktig bit av landets nærings-, utdan-

nings- og regionalpolitikk. Og dersom IT-industri er kjernen i framtidens industri, vil verknaden for resten av landet bli stor. Den «enkle» marknadstransaksjonen der Fornebu byter eigar, vil legge ned skinner vi skal køyre på i lang tid framover.

«Den «enkle» marknadstransaksjonen der Fornebu byter eigar, vil legge ned skinner vi skal køyre på i lang tid framover»

Makt har ei symbolside. Ei interessant side ved symbola si makt er symbola sin genese - kvar dei kjem frå - og deira livssyklus. Kvar kjem del frå, dei mange «sjølvinnlysende sanningane» vi lever etter?

Ei av dei mest grunnleggjande forestillingane i offentleg debatt i Norge i dag er verknaden av «den frie marknaden». Både dei store velsigningane og dei mange problema er «sjølvinnlysende» for dei som tenker etter. Men når folk «tenker etter», kvar kjem tankane frå? Kva er det som gjer konklusjonane så «sjølvinnlysende»? Har nokon sett ein «fri» marknad med egne auge? Og korleis såg dei at den var fri?

«Fri» og «fridom» er mellom dei sterkaste honnørorda vi har i vår kultur. Men kva vil det seie å vere fri? Filosofar som har drøfta problemet er ikkje blitt einige om ein allmenngyldig definisjon. For undertekna ser det ut som at ein endar opp med sirkulære og sub-

jektive definisjonar som mest liknar «fridom har du når du kjenner deg fri til å gjere det verdiane dine seier du skal gjere». Og spørsmålet blir: Kven har makt til å definere dei verdiane vi lever etter? Lar det seg gjere å finne ut «kven» som eigentleg bestemte at kollektivt «Norge» skulle skifte meining om utrydding av rovdyr?

Ut frå det vi elles meiner å vite om dynamikken i kultur og samfunnsutvikling er det ikkje tenkjeleg. Verdier er, om ikkje anna, så i eigentleg forstand eit kollektivt produkt av del menneska som lever og har levd.

Men om vi ikkje kan svare på kven som har makt til å definere symbola, kanskje vi kan finne ut meir om korleis symbola si makt viser seg? Det kan vi utan tvil. Men da må vi kople symbola til menneske med vanleg makt: fysisk (politisk og militære), økonomisk (dei som eig mykje) og politisk makt (dei som har lov å vedta spelereglane for samhandling). Og vi vil sjå at dei alle tar i bruk symbol for å rettferdiggjere - legitimere - gjerningane sine. Har vi dei same symbol og verdier, er gjerningane deira slik vi ventar dei skal vere. Dei er heilt «naturlege». Lever vi etter andre verdier, vil vi oppleve den andre sida av makta - tvangen: «Den som ikkje vil, han skal». Og det er da ikkje «naturleg»? Denne «tvangen» vil somme kjenne igjen som strukturell makt.

«Har nokon sett ein «fri» marknad med egne auge? Og korleis såg dei at den var fri?»

Samfunnets dominerande verdier og symbol finn vi igjen i institusjonane våre. Vi finn tvangen i dei regelverk som organisasjonane skal følge, i dei fakta som organisasjonens menneska finn interessante og i dei tankemønster som ligg til grunn for prioriteringane dei gjer. Gud nåde den som ikkje ser det sjølvinnlysende i resultatet.